



Notat

Dato: 30.04.2015
Arkivsak: 2015/2400-9
Saksbehandlar: knudjuv

Til:	Samferdselsutvalet Fylkesutvalet
Frå:	Fylkesrådmannen

Regularitet og driftsavvik Ferjesambandet Hatvik - Venjanaset

I 2014 vart 124 turar av 20153 planlagde turar ikkje utført på sambandet av FosenNamsos Sjø AS. Dette gav ein regularitet på 99,39% noko som vert vurdert som god kvalitet totalt sett i leveransen.

Hittil i 2015 (1.1 – 23.4) har FosenNamsos Sjø AS utført 99,34% av turane. 43 turar av 6466 planlagde turar var innstilte i perioden. Det har vore to hendingar som har påverka regulariteten i 2015 og som har vore hovudårsaka til dei innstilte turane:

- Den 4. mars 2015 fekk M/F Fosen tau i propellen og var ute av rute frå kl. 5.35 til kl. 11.00. Hendinga medførte 19 innstilte turar.
- Den 12. april 2015 fekk M/F Fosen feil på generator til hjelpemotor. Dette medførte at sambandet var innstilt frå kl. 7.10 til kl. 13.50. Hendinga medførte 22 innstilte turar. Reserveferja M/F Marstein var tilgjengeleg frå om lag ca. kl. 11.00 men kunne ikkje gå inn i rute før M/F Fosen fekk slepeløyve slik at kaien vart ledig.

Hendingane omtalt over gav innstillingar over fleire timar noko som sjølvstøtt er svært beklagelig overfor dei reisande på sambandet. Operatør FosenNamsos Sjø AS skal innan 4 timar sette inn båt som alternativ når sambandet av ulike årsaker er stengt, og få på plass reserveferje innan 12 timar. Den 4. mars vart ikkje avbøtande tiltak sett i verk, noko som var uheldig. Den 12. april var reserveferje på plass etter 4 timar, men omstende omtalt over medførte at sambandet først kunne gå i drift igjen etter nesten 6 timar.

